Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haus

Emne: Lauving

Bygdelag: Skjeggestrand og Solstrand

Oppskr. av: Martin Teinus

Gard: Teinus

(adresse): Teinus brevh. pr. Bergen

G.nr. 83 Br.nr. 14.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lauving eller logging, som me seier, var vanleg på kvar gard her fyrr 40–50 år sedan, men etter den tid er det vorte mykje i avtak og er no berre nytta år om anna på sume bruk.

Det var serleg ask ein logga og om hausten medan lauvet enno var grønt.

Vanleg samla ein også inn raunebær til fôr.

Ein logga alltid med nakne handi utan noko reidskap – berre ein trekrok til å trekkja greinerne til seg med.

Vart asken for høg so ein inkje nådde opp til toppen av greinene, vart han stjord, som me kallar det, og greinene avlogga på bakken og vart seinare nytta til skav. Sovore, med 10–15–20 års millom rom etter som vokstren var, stjorde askar, vart med åri til digre stua (stuen, stuane), som me kalla di, både med omsyn til omfang og alder.

Til skav stjorde ein også fram etter vinteren både raun, selje, hegg og alm, der denne voks, serleg på Solstrondi.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1967

I lagleg ver vart lauvet turka på bak-
ken og helst i litt skugge, og i dårleg
terre vart det hesja og turka i vanleg hus.
Mindre sluppar av lauv bar ein på og til
i kjipa (ei korg av vidjer til å bera på ryggen).
Større mengder la ein alltid på tog og bar
fram i birar.
I löda vart lauvet lagt ut gjer på skukken
og delvis ogso ut gjer på köustålet
Lauv vart jamt gjer rekna fyr å vera godt
för og vart helst gjeve til sau og geit (i gamal
tid hadde ein ogso geitrekser) med eit mål
fyr dagen.
Å kjörva har inkje vore i bruk her.
Rakstelauv av ymse slag (björk, older,
osp og hall m. fleire lauvsorter) raska ein
saman med ei vanleg kvirriva om hausten
og hadde til underbreitsle fram etter
vinteren under sau og gris.

1967
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY